Vedtekter for Klimapartnere Vestland

Vedteke i styringsgruppa 09.06.26

§ 1. Formål

Klimapartnere Vestland er det leiande partnarskapet for grøn omstilling i regionen, med deltakarar frå næringsliv, akademia og offentleg sektor.

Vi mobiliserar pådrivarar i alle sektorar til samarbeid for å omstille Vestland til eit nullutsleppsamfunn.

Klimapartnere Vestland er eit verktøy for å oppfylle fylket sine klimaforpliktingar, redusere omstillingsrisiko og styrke regionen si konkurransekraft.

§ 2. Organisasjonsform

Klimapartnere Vestland er ikkje ~~er~~ eit sjølvstendig rettssubjekt med eige organisasjonsnummer, men eit partnarskap med forankring i og støtte frå Vestland fylkeskommune.

Klimapartnere Vestland blir finansiert primært gjennom årleg partnaravgift og budsjettmidlar frå Vestland fylkeskommune. I tillegg kan det hentast inn finansiering frå andre kjelder, til dømes ulike støtteordningar.

Klimapartnere Vestland er ein av fleire sjølvstendige fylkesvise Klimapartnere-regioner over heile landet, som samarbeider om metodikk, merkevare og aktivitetar.

§ 3. Partnarar og samarbeidspartnarar

Verksemder som støttar formålet og oppfyller dei krava til partnarskap som er satt av Klimapartnere Vestland.

Andre, til dømes stiftingar, organisasjonar eller gründerar, kan inngå samarbeid eller partnarskap gjennom individuell avtale og etter godkjenning frå styringsgruppa.

§ 4. Arbeidsform

Klimapartnere skal vere ein koplingsboks som styrkjer kompetanse og samarbeid på tvers av sektorar og bransjar, for å mobilisere til utslippskutt og handling i klimaarbeidet.

Våre hovedaktiviteter er fysiske og digitale arrangementer med ulike tema gjennom året. Aktivitetene skal bidra til miljøgevinster gjennom å auke kompetanse og gje inspirasjon til konkrete fagfelt i klimaarbeidet, bryte ned barrierar og byggje relasjonar for erfaringsdeling og styrka samarbeid.

Klimapartnere Vestland skal arbeide i samsvar med klimapartnarmetodikken, og legge til rette for godt samarbeid med det nasjonale Klimapartnere-nettverket.

§ 5. Styringsgruppe

- I styringsgruppa skal det vere mellom seks og åtte medlemmer i tillegg til to vararepresentanter.
- Styringsgruppa blir leia av representant frå Vestland fylkeskommune, dette mellom anna for å koordinere arbeidsgivaransvar for administrasjonen.
- Styringsgruppa konstituerer seg sjølv på første møte etter val er gjennomført.
- Nestleiaren i styringsgruppa skal representere ei privat partnarverksemd.
- Styringsgruppa bør best mogleg spegle partnarskapen kva gjeld geografi og sektor/bransje.
- Samstemmigheit blir streva etter i alle avgjerdssaker.
- Ved avstemming i styringsgruppa som gir likt resultat, skal leiaren for styringsgruppa ha dobbeltstemme.
- Samansettinga av styringsgruppa skal sikre best mogleg kjønnsbalanse.
- Rullering av styringsgruppa skal sikre ein god representasjon av partnarskapet over tid.
- Styringsgruppa bør ha ein kompetansemiks som svarar på dei behov styringsgruppa og Klimapartnere Vestland har.

§ 6. Mandatet for styringsgruppa

Styringsgruppa skal vareta interessene til partnarskapet samla sett.

Klimapartnere Vestland sin rekneskap ligg inn under Vestland fylkeskommune og blir revidert som ein del av fylkeskommunen sin rekneskap. Klimapartnere Vestland sine inntekter kjem frå kontingent og årleg budsjettvedtak frå fylkeskommunen.

Kontingent frå partnarar skal brukast på aktivitet som kjem partnarane til gode.

Styringsgruppa kan prioritere aktivitet innanfor dei økonomiske og organisatoriske rammene som blir fastsette av Vestland fylkeskommune.

Styringsgruppa sakshandsamar årshjul og handlingsplan årleg, og annakvart år sakshandsamar styringsgruppa revidering av strategi, før sakene fremjast til godkjenning av årsmøtet.

Styringsgruppa har vedtaksmynde i saker som fell inn under mandatet.

Medlemmene i styringsgruppa kan sjølv fremje saker til styringsgruppemøte.

§ 7. Møtefrekvens og innkalling for styringsgruppa

Styringsgruppa skal ordinært samlast minst fire gonger i året.

Møter i styringsgruppa skal i hovudsak vere fysisk, med moglegheit for digital deltaking. Det er ønskjeleg å arrangere eitt styringsgruppemøte utanfor Bergen i året.

Møteplan blir vedteken i første møte kvart år, og blir revidert i første møte etter sommarferien.

Innkalling skal sendast ut seinast to veker før styringsgruppemøte. Sakspapir/underlag og referat frå førre møte skal sendast ut seinast éi veke før møte.

Ved behov kan det kallast inn til ekstraordinært styringsgruppemøte dersom

- innkallinga kjem seinast to veker før møtedato
- alle medlemmene i styringsgruppa godkjenner møtet
- minst fem medlemmer av styringsgruppa kan stilla til møtet

§ 8. Revidering av mandat for styringsgruppa

1. Administrasjonen har ansvar for at mandatet blir lagt fram for revidering i første styringsgruppemøte annakvart år i samband med rullering av strategi. Endring av mandat krev 2/3 fleirtal.

2. Styringsgruppa kan foreslå endringar av mandat. Dette må meldast seinast ei veke før møte der mandat og vedtekter skal reviderast.

§ 9. Årsmøte

Årsmøtet blir halde i løpet av første halvår. Innkalling til årsmøtet skal skje seinast éin månad før møtet.

Saker som nokon ønskjer å få behandla på årsmøtet skal meldast til leiar for styringsgruppa seinast to veker før årsmøtet. Sakspapir til årsmøtet skal sendast ut seinast éi veke i førevegen. Årsmøtet skal handsame følgjande saker:

- Godkjenning av årsmelding
- Val av styringsgruppe
- Andre saker fremja av styringsgruppa, til dømes strategi, handlingsplan og årshjul
- Eventuelle innkomne saker

Partnarar har tale- og stemmerett i årsmøtet. Kvar partnarverksemd har ei stemme i årsmøtet. Fylkeskommunen er økonomisk ansvarleg eining, og årsmøtet kan ikkje gjere vedtak som går ut over budsjettrammene.

§ 10. Ekstraordinært årsmøte

Styringsgruppa, eller minimum 1/3 av partnarane, kan krevje ekstraordinært årsmøte. Innkalling med sakspapir skal sendast ut minst éi veke i førevegen.

§ 11. Val

Årsmøtet vel medlemmer til styringsgruppe og valkomité. Valperioden er 2 år, og halve styringsgruppa er på val kvart år. Det er ingen avgrensingar i funksjonstid. Årsmøtet vel inntil to numeriske vararepresentantar til styringsgruppa. Val krev simpelt fleirtal.

Sittande styringsgruppe innstiller på nye styringsgruppemedlemmer. Styringsgruppa kan utnemne ein valkomité som leverer innstillinga på deira vegner.

§ 12. Partnaravgift

Etter innstilling frå styringsgruppa fastset årsmøtet ramma for partnaravgift for partnarar. I særskilte tilfelle har administrasjonen mandat til å tilpasse avgifta til einskilde partnar innan ramma. Det skal så langt som råd søkjast harmonisering av avgifter med andre regionar nasjonalt.

§ 13. Oppgåvene til administrasjonen

1. Administrasjonen (tilsette) har ansvar for å setje i verk strategiar og årshjul som vedteke av styringsgruppa. Dette blir utført gjennom dagleg drift, planlegging og gjennomføring av aktivitetar for Klimapartnere Vestland.

2. Administrasjonen har ansvar for å kalle inn til styringsgruppemøte og førebu saksunderlag.

3. Administrasjonen i Klimapartnere Vestland har møte- og talerett på møta i styringsgruppa. Dei førebur saker, sender ut innkalling og skriv referat. Dei har ikkje stemmerett i behandling av sakene.

4. Administrasjonen har ansvar for å kalle inn til årsmøte, førebu saker, og legge til rette for gjennomføring av møtet. Dei har ikkje stemmerett i behandling av sakene.

§ 14. Signaturrett

Vestland fylkeskommune har signaturrett på vegner av Klimapartnere Vestland.

§ 15. Vedtektsendring

Vedtektene kan endrast av årsmøtet etter innstilling frå styringsgruppa. Endring av vedtekter krev 2/3 fleirtal.

§ 16. Oppløysing

Oppløysing krevar 2/3 dels fleirtal i ordinært eller ekstraordinært årsmøte.

Ved endringar i Vestland fylkeskommune sitt eigarskap i Klimapartnere Vestland skal det kallast inn til årsmøte for å sikre at partnaranes interesser blir best mogleg ivareteken.

Partnarane i Klimapartnere Vestland betalar årleg avgift for inneverande år. Eit eventuelt vedtak om oppløysing må derfor ikkje tre i kraft før årsskifte etter at vedtaket er fatta.

Oversikt endringer vedtekter:

Dato	Endret § fra	Endret § til	Signatur/ansvarlig